


Evanger

TEMA: Tettstedene ①110, Våre henders verk ②410
KART: ④446

TETTSTADEN EVANGER

EVANGER (av gamalnorsk áivangr, «vang», «voll» der ein kan lata bestane få gå på beite) er staden der elva frå Vangsvatnet, Vossavassdraget, munnar ut i Evangervatnet. Her tek Teigdalen opp mot nord; mot Eksingedalen, og her er det kort overgang til Bergsdalen mot sør.

Evanger sentrum før brannen i 1923.



Kyrkjesokna Evanger femnde om heile *Vassveri*; bygda langs hovud-dalen frå Tyssø til Geitle, og Bergsdalen, Rasdalen, Øvstedalen, Teigdalen og øvre Eksingedalen – i hovudsak tilsvarande tidlegare Evanger kommune.

Då jernbanesambandet kom i 1883, voks det på Evanger fram eit handverks-sentrum med skomakarar og skreddarar som laga sko og klede for ein større marknad enn heimbygda. Evangerskoen, ein beksaumsko, vart seld også i England, og skreddaren her laga uniformer for stasjons-personalet på jernbanestasjonen i Bergen. Evanger og Teigdalen har også lang tradisjon i produksjon av spekepølse.

I 1923 brann Evanger sentrum ned til grunnen, berre kyrkja stod att. Men i 1924 og 1925 vart Evanger atterreist. Den harmoniske trearkitekturen vi møter her, syner ein vestnorsk tettstad frå 1920-åra.

I dag passerer den nye traséen for E16 framom Evanger; på ny går hovudferdsla langs det gamle sambandet mellom vosse-bygdene og byen.

Mange gamle mattradisjonar har halde seg i desse bygdene, og royking av kjøt har halde mange gamle årestover og eldhus i hevd. Eldhusrøykt fårepølse frå Evanger er blitt ei merkevare. □



«Ridande Vössabrudlaup» skore av Gulleik Brekkhus.



342 Kvelvbrú på Langeland i Teigdalen.

BREKKHUS I TEIGDALEN - EIT HANDVERKARMILJØ

Øvst i den tronge, ti kilometer lange Teigdalen frå Evangervatnet, ligg gardane Århus og BREKKHUS. På Brekkhus vaks det frå tida 1830 fram eit heilt handverkarmiljø. Mest vidgjeten er rokkedreiarverksemda her, og vide kringom i landet har det vorte spunne mykje på rokkar frå Brekkhus. Etter 1880-åra byrja mennene her også å laga leiketøy i tre, gyngestolar, sagmenn o.a., og dei vart selde i butikkar i Bergen og Oslo og vidare. På det meste arbeidde åtte mann i verkstaden på Brekkhus; arbeidet heldt fram til 1950-åra. Gulleik Brekkhus vaks opp her, den kjende treskjeraren som har forma «Ridande Vössabrudlaup» (Voss folkemuseum).

Ein av dei første køyrevegane som vart bygd i Hordaland, var vegen som bøndene i Teigdalen var med og bygde fram til Evanger, for å få transport for ferskmjølka til Bergen med den nye Vossebanen i 1883. Av nyare dato er køyrevegen over fjellet til Eksingedalen, men sambandet er gammalt. Frå toppen er det eit vakkert utsyn over Teigdalen.